



Tenninga er ein kjær tradisjon, ikkje minst for Bjørgulv Eik

Fredag klokka 17 skjer det igjen og Uskedalens stolte og staselege symboltre vert tent 50 år etter at det skjedde første gongen. Då var ho 13 meter høg - i fjor var ho 22 meter og 15 centimeter.

Jul i Uskedalen

FREDAG 6. DESEMBER

Kl 17.00: Tenning av grana

Musikklaget spelar – Julemarknaden opnar

- Sal av graut i Helgheimskjellaren
- Kake-kafé i Gamleskulen
- Det vert sal av diverse elevarbeid i Helgheim
- Sal av mjelkekaker, og lappar

Børsdalsnissen kjem! Kjem du?

Musikklaget spelar ved tenninga fredag som i 1963 og 3 av dei som spela den gongen er med også no: Bjørgulv Eik, Leif Matre og Gunnvald Friheim. Det er ein prestasjon ein må ta av seg hatten for!

Den første tenninga fann forresten

stad 20. desember, men seinare har tidspunktet variert noko.

Ideen om den levande grana som juletre var det dirigenten i musikklaget Sigurd Wang som hadde og Alfred Eik, Sverre Wang og Kåre Guddal monterte dei første 30 pærene på grana som no er godt over 100 år gamal.

Ho er ei av fleire som vart planta

på skuleplassen etter at nyskulen kom i 1902. Det sto lenge att ei gran til - tett på Gamleskulen - men ho vart felt for nokre få år sidan.

Julegrantenninga er ein bergfast tradisjon i bygda og det er og sjølve arrangementet rundt tenninga. Såleis er pogrammet så å seie ikkje endra sidan i fjor, opplysar Klara Bakke til uskedalen.no.

- * I Helgheim er det sal av diverse elevarbeid
- * I teltet ute vert det seld lappar
- * Musikklaget spelar - eventuelt inne hvis veret ikkje tillet utespel.
- * I Gamleskulen er det kaffi og kaker
- * Det er også julemarknad ute i teltet
- * I Helgheimkjellaren vert det seld graut,
- * Børsdalsnissen er framleis oppegåande trass i sin høge alder

Og så er det berre å håpa på at vergudane held seg på matta!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen